



Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane

Årsmelding 2015

med vedlegg om høringsfråsegner og medieoppslag m.v.

1. Innleiing

KVA OG KVEN ER FNF?

FNF er eit samarbeidsforum for natur- og friluftsansjonane på fylkesnivå. Det er ingen lokale FNF i Sogn og Fjordane. FNF har som føremål å ivareta natur- og friluftsansjonane i aktuelle saker i fylket. FNF har koordinert og bidrege til samarbeid mellom organisasjonane i Friluftslivets År 2015 med møter og samarbeid knytt til søknader fellesarrangement.

Sogn og Fjordane har sidan 2010 hatt 100% koordinatorstilling. Prosjektstilling 50% knytt til ein utviklingsavtale med SFFK har stått vakant i perioden med virksomhetsoverdraging i FNF-systemet. FNF har frå tidlegare hatt prosjektmidlar knytt til Gjensidigestiftinga med omlag 5 % stilling knytt til løypemerkingsprosjektet, sluttrapportar og rekneskap for FNF. FNF har kontorlokale i Leikanger Næringshage med kontoradresse Sognefjordvegen 40.

ARBEIDSOPPGÅVER 2015

- Vere ein nettverksbyggjar mellom organisasjonane.
- Oppmuntre til samarbeid på tvers av organisasjonane i samband med kurs/seminar, planarbeid og arrangement.
- Kontinuerleg oppfølging av rullering av arealplanane og andre aktuelle planar i kommunane og fylkeskommunen. Gje organisasjonane varsel om rullering og utarbeide kortfatta informasjon om korleis dei skal gå fram og kva dei skal sjå etter. Passe på tidsfristar og varsle lag/organisasjonar.
- Fokus på friluftsliv for alle og som verdi for folkehelse og folkehelsearbeid.
- Friluftslivets År 2015. Koordinere, informere. Stimulere til friluftsliv for alle. Vere med å bidra til auka fokus og god breidde i arrangement i Friluftslivets veke 2015.
- Vere ein pådrivar til at organisasjonane blir varsla om planarbeid og høyringar og oppfordre til samarbeid i samband med utsegner. Hjelp til med utforming og skriving av høyringsfråsegner for enkeltorganisasjonar eller for fellesfråsegn frå fleire organisasjonar der dei har felles interesser.
- Få organisasjonane til å rette merksemd på område som naturlandskap, vindkraft, vasskraft, kraftlinjer, vegbygging, utbygging av våtmarker, miljøreining, og bruke Naturmangfaldslova og Plan- og bygningslova aktivt.
- Halde årsmøte og fellesmøte for organisasjonane.
- Vere ein bindelekk mellom fylkesmannen/fylkeskommunen og organisasjonane.
- Gjere FNF kjent blant kommunane i Sogn og Fjordane.
- Arbeide for å få oppretta friluftsråd i Sogn og Fjordane.
- Verne om allemannsretten.
- Vere observant på motorisert ferdsel i utmark, forsvare det tradisjonelle friluftslivet med stillheit og ro som viktige verdiar.
- Vere med å ta vare på strand- og kystsona.
- Politisk arbeid knytt til natur og friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse ved kommune- og fylkestingsvalet.
- Oppfordre kommunane til kartlegging av stiar og snøggvegar i nærområda for å sikre høva for aktiv dagleg transport og nærfriluftsliv.

- Arbeide for merking av stiar og snøggveggar i nærområda og skilting av turløyper, styrke infrastruktur for og mellom nærfriluftslivet og friluftslivet.
- FNF kan skrive høyringsfråsegner på vegne av to eller fleire organisasjonar som i kvart tilfelle gir si tilslutning til dette.
- Arbeida for å klargjere moglegheiter for verneområde på kysten med fokus på landskaps-, natur- og kulturverdier.
- Vere synlege i media
- Gjere organisasjonane merksame på kurs og seminar som kan auke kompetansen og vere felles samlingspunkt for organisasjonane. Gje økonomisk støtte til organisasjonane for å sikre brei deltaking på aktuelle kurs og seminar.
- Informere om og legge til rette for auka samarbeid og aktivitetar i Friluftslivets År 2015

UTVIKLING, RESULTAT OG UTFORDRINGAR

Utviklinga er stabil, 1 tilsett i ein fast full stilling 100% totalt. Utviklingsmidlane frå SFFK til ein prosjektstilling i 50 % for 1-3 år har vore utbetalt for to år. I 2015 har prosjektstilling vore vakant grunna omorganisering, virksomhetsoverdragelse til FNF sentralt. FNF var sekretariat for Gjensidige-løypemerkingssprosjektet 2011-2013, men noko restarbeid stod igjen grunna utsetting av avtalar om sluttrapportering. Dette vert teke på timebasis av tidlegare koordinator, samt rekneskap for FNF, og dekkast av midlar frå prosjektet. Målet var at dei siste prosjekta skulle verte avslutta og ferdig rapporterte innan 2015.

Dei største organisasjonane i fylket har utviklingsavtaler med økonomisk støtte av ulik storleik gjennom fylkeskommunen, til å styrke og vidareutvikle sitt arbeid, no på tredje året. Naturvernforbundet har hatt fast grunnstønad i tre år, og må no søke om vidareføring av denne.

Organisasjonane er godt representert i regionalt planarbeid, gjennom FNF og med eiga deltaking. Kontakten og samarbeidet med fylkeskommunen, FNF og organisasjonane er god. Det gjeld også for vassregionen og nokre av vassområda i fylket.

FNF har levert fråsegner i lag med fleire av organisasjonane i mange saker og elles i samarbeid med enkeltorganisasjonar og andre FNF. Organisasjonane, sett under eitt, tek tak i svært mange saker etter oppmoding eller med informasjon frå FNF, og samfunnsengasjementet er stabilt godt totalt sett innan FNF. Engasjement og forståing for arbeidet med arealsaker kan enno bli sterkare i fleire organisasjonar i fylket og lokalt. Arbeidet med å få fleire tilslutta organisasjonar held fram. Der det manglar fylkesledd vert det ein ekstra utfordring både for FNF og lokallag/-miljø som tek eit fylkeskoordinerande ansvar. Vi kan gjerne auke fokus og innsats knytta til aktuelle samlingar for å styrke samarbeidet mellom desse laga/miljøa som t.d Kystlaga 6-7 i fylket, padleklubbane/-miljøa omlag 4 i fylket og klatreklubbane med lokale 6-7 miljø. Nokre av desse er felles- og nokre er enkeltvis tilslutta FNF. FNF har også samarbeid med ikkje tilslutta organisasjonar i enkelte aktuelle saker.

Utoverretta arbeid i media og informasjon om FNF ut i kommunane kan framleis styrkast. I travle periodar med mange saker er tid ei utfordring. Kapasitet og rutinar, samt å finne eigna saker er viktig her. Kortare informasjon om aktuelle saker og samandrag av høyringsfråsegn og innspel kunne gjerne vore sendt oftare ut i media.

Vi opplever å få tilsendt fleire saker direkte frå fleire kommunar, men ikkje frå alle og det tek tid å få oppretta god kontakt og gjensidig kjennskap i alle 24 kommunane. Planforum i fylket oppmodar kommunane om å sende aktuelle plansaker til FNF.

Fleire søknader om småkraftverk har fått avslag pga landskap og friluftsliv, samt at nokre at dei dårlege prosjekta no vert teke tidleg ut av systemet av NVE. I NVE sin oversikt er no 71 saker for tiltak i vatn og vassdrag under handsaming i fylket ved utgangen av året.

Det har i år vore ein auka i tal avslag for søknader om ny vasskraftutbygging. Medan 13 nye vasskraftverk har fått konsesjon for 197 Gwh ny produksjon har 16 nye vasskraftsøknadar fått avslag i alt, tilsvarande 238 Gwh.

1 vindkraftverk har fått avslag på konsesjon, Bremangerlandet, medan Guleslettene vindkraftanlegg ligg til klagehandsaming i OED. Utbygginga er lågare enn konsesjonstildelinga. Låge straumpriser og manglande linjekapasitet er for tida på naturvernet si side.

Ei viktig oppgåve er stadig å vidareutvikle samarbeidet med og mellom organisasjonane for å arbeide breiare med å ta vare på vilkåra for friluftslivet. Viktige natur-og friluftsområde er for tida pressa frå mange kantar. Å finne fram til nye og fleire aktive i organisasjonane som vil og kan engasjere seg og som også kan skrive er ein utfordring. Mange saker og mange saksområder, samt auka involvering i offentlege planprosessar inkl vassforvaltninga er ofte krevjande for dei tillitsvalde.

Gjennom påverknad frå FNF vil fylkeskommunen no søke midlar hjå Miljødirektoratet til kartlegging og verdsetting av friluftsområde i kommunane. Dette vil også involvere friluftsgesamtne i kommunane og kan vere ein god innfallsvinkel for auka medvit for arbeid med ivaretaking. FNF vert no også invitert med når FK ved rådgjvar idrett og fysisk aktivitet reisar rundt til kommunane som skal revidere sine planar for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Det vert då møter med kommunen på dagtid og frivillige på kveldstid. Dette kan vere med på å styrke FNF arbeidet og gjere FNF betre kjent i kommunane og i organisasjonane lokalt. Samarbeid med fylkeskommunen og med gjenverande prosjektmidlar til å kunne styrke arbeidet vidare vil kunne gje ei god styrking av og støtte til FNFarbeidet.

2. Saker

VIKTIGASTE SAKER

I løpet av året har totalt 33 småkraftsaker vore på høyring. Organisasjonane har samla sett levert inn fråsegn til alle, anten aleine eller i samarbeid med andre organisasjonar og FNF. FNF har og bidrege med å skrive fråsegn for enkelte organisasjonar. Ein stor eldre konsesjon har vorte fornya og arbeid med nye vilkår har har starta. Dette gjeld Hydro sitt anlegg Grandfasta i Fortun i Luster. Her har det og vore mykje engasjement og arbeid knytt til ein sær s kontroversiell konsesjonssøknad til Øyane elvekraftverk og Hydro sine kommentarar til OED ang denne. Saka ligg no til handsaming i OED. 3 større vasskraftsaker og 3 kraftliner, samt nettutviklingsplan er gitt fråsegn til. Samtlege synfaringar knytt til desse sakene har hatt deltaking frå organisasjonane og/eller FNF i samarbeid.

Største og mest kontroversielle kraftverksak i år var: 1. Øyane elvekraftverk i Fortunselva i Luster, knytt til Hydro sine store kraftanlegg der. Her vert det og sett i gang arbeid med nye konsesjonsvilkår og vassføringsregime etter fornying av konsesjonen for det 50 år gamle anlegget. Her har vore stort engasjement og mykje godt arbeid gjort, både inn i mot kommunepolitikarar, Hydro og OED.

2. Gjengedalselva kraftverk har framleis samla stort engasjement i år knytt til Vasdragstreffet 2015 og engasjement i NVF utløyste biologisk etterundersøking og enda eit godt eksempel for dårleg utførte konsekvensutgreiingar knytt til konsesjonssøknadane.

Vi har hatt godt samarbeid med andre FNF knytt til Regionale planer over fleire fylke og organisasjonane er representert i rådgjevande utval knytt til fleire av verneområda. Her har det og vore gitt faglege innspel til forvaltningsplanar og til oppstart av desse.

Det årlege Vassdragstreffet til Naturvernforbundet vart i år arrangert i Gloppen kommune ved Gjengedalsvassdraget i samarbeid med FNF, SFT og NJFF. Midlar til å framskaffe ein ny faglege oppdatert fagutredning for vegetasjonen i fossesprøytsone og fosseberga i gjelet, noko som gav slåande resultat med artsfunn 10 gongar høgare enn i konsekvensutredning og raudlistefunn. Ein stadfesting av det organisasjonane har påpeika mange gongar i sine uttaler til NVE og det NVE sjølv fekk påvist i sin rapport Etterundersøkingar knytt til småkraftverk, publisert i år.

FNF har vore representert i administrativ arbeidsgruppe for regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv og er no med i fylket sitt Forum for fysisk aktivitet. Rullering av planen har gått igjennom året. FNF er med i referansegruppa for regional plan for folkehelse. Organisasjonane og FNF har delteke på dialogmøte og arbeidsverkstader knytt til planarbeid og gitt innspel til planprosessane.

FNF har gitt innspel til avgrensa høyring til arealdelen til regional plan og om trongen for oppdatering av friluftsområder i fylket. Dette har gjeve resultat og FNF er no med i arbeidsgruppa for SFFK sin søknad til Miljødirektoratet om midlar til kartlegging og verdsetting av friluftsområde i kommunane. Ros til FK for å ha teke tak i dette no.

Vassforvaltninga på vassregionnivå, der er FNF, SFT, NVF og NJFF med i referansegruppa for SF Vassregion. Vi har framleis lyttande deltaking på møta til vassregionutvalet, noko som er særst nyttig. Organisasjonane er også noko aktive på vassområdenivå. Arbeidet er krevjande og det har vore lagt opp ulikt i dei ulike vassområda. Kompetanse, politisk leiing og kontinuitet i prosjektleiinga har vore avgjerande for grad av høve for medverknad i dei ulike vassområda. Det er relativt få i organisasjonane totalt som maktar å gå inn i arbeidet då det verkar komplisert og få møte har hatt lokal medverknad som formål. SFFK støtter no organiseringa med ansvar for tilsetting og samanslåing av vassområde, slik at det vert meir stabile tilhøve for prosjektleiing.

FNF/NVF har levert samla innspel til arbeidet og har sendt personlege brev etter mal frå SABIMA til fylkestingspolitikarane, ang vegring av konkrete miljømål og EFTA-domstolen, noko som gav resultat.

Sjødeponi i Førdefjorden er framleis ei viktig sak, samt andre arealsaker i sjø i fleire kommunar, men spesielt i Førde og Naustdal. Elles vert det fleire deponisaker i fjord og vatn knytt til vasskraftutbygging og tunneldrift. FNF har ikkje hatt kapasitet til å gå så tungt inn i fjorddeponisaka, men har delteke på møte og på dagens «Far-stilt aksjon» mot fjorddeponi i mai. Denne fekk dekning i riksmidia.

FNF har arrangert kurs i media- og kommunikasjon i Førde med Rikke Bjurstrøm, og med brei deltaking frå 11 organisasjonar inkl. lokallag og FNF Hordaland.

Friluftslivets år 2015:

FNF har delteke på samarbeidsmøter med organisasjonane knytt til Friluftslivets år og vore med å koordinert søknader til fellesarrangement i og profilering av Friluftslivets veke / Nattaturen.

Det ble arrangert 11 dag-fellesarrangement og 10 felles-overnattingsarrangement ulike plassar i fylket for å profilere breidde av aktivitetar og tilbod på forsommaren og rundt like mange på hausten. Dette vil halde fram i år over ein periode på to veker om våren under namnet «Friluftsmoro». Samla sett er samarbeidet om aktivitet tydeleg auka mellom organisasjonane i fylket. Midlar frå FK og «tilskudd til friluftslivsaktivitetar» gjorde dette mogleg. Seminar om allemannsretten der planlegging var påbegynt vart utsett grunna kollisjon med FNF-samling og elles mykje arbeid i perioden. Vi tek dette opp att i 2016.

Via Ferrata-anlegg har vore aktuelt i år og vi har hatt ein offentleg debatt om tema og bruken av plan- og bygningslova i slike saker. Norsk Friluftsliv har følgd opp sentralt og dette er særst positivt! Gjelder og andre saker som vasskraft.

Fylkeskommunen og FNF hadde sitt drøftingsmøte på slutten av året. Det var positivt og konstruktivt. Midlane som FK har nytta til støtte til FNF har vore via miljødirektoratet og tilskudd til friluftsliv. Desse midlane var det stor søknad til og sterkare krav om at desse nyttast til aktivitetsfremmande tiltak. FNF fekk redusert sin støtte, medan organisasjonane fekk økt tilslag til fellesarrangement i Friluftslivets År. Dette vart diskutert og FK håper å kunne finne ei løysning på dette for FNF sin del til neste år. Vi har i år eit resultat-underskudd på 163.000.

HØYRINGSFRÅSEGNER

FNF har levert følgjande 18 fråsegner i 2015 (22 i 2014):

Kommunale, fylkeskommunale planar og vassregion:

Kommunale planar:

- 15.01.2015 Stryn kommune Høyringsfråsegn til Sleipner-Hoven i Loen frå NVF, SFT og FNF
- 26.11.2015 Førde kommune Klage på vegne av NVF på planvedtak for reguleringsendring Indre Hornesvika. FNF, NVF.

Fylkeskommunale planar:

- 01.10.2015 SFFK høyringsfråsegn planprogram for rullering av fylkesdelplan for arealbruk i SF. FNF, SFT, NVF.
- 07.10.2015 SFFK Innspel til Rullering av handlingsprogram regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv (FIF) 2014 – 2017 / Ny planperiode 2016 – 2019. FNF
- 30.03.2015 SFFK Vassregionmynda for Sogn og Fjordane. Høyringsfråsegn til regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane. FNF og NJFF.
- 11.11.2015 Oppland Fylkeskommune høyringsfråsegn til Regional plan for Ottadalen – 3.gangs ettersyn. FNF, SFT, NVF, NJFF + FNF Oppland

Brev til politikarar:

12.06.2015 Luster kommunestyre Brev ang Rydøla kraftverk og søknad om konsesjon. FNF, SFT, NVF.
 07.12.2015 SFFK Brev, personleg, til alle politikarane fylkestinget Vassforskrifta, regulerte vassdrag og miljømål. FNF

Vannkraft:

28.04.2015 OED innspel til OED ang. Øyane Kraftverk i Fortunselva, Grandfaste i Luster kommune og Hydro sitt forslag om endringer til konsesjonssøknad, utan høyring. FNF, NJFF, Luster JFF, SFT, NVF, Sogn Villaksråd

16.05.2015 NVE brev om Gjengedalen kraftverk i Gloppen kommune – tilleggsundersøking av Gjengedalsgjelet. FNF, NVF, SFT

19.05.2015 *NVE høyringsfråsegn til avgrensa høyring tilleggsutgreiing Offerdal Kraftverk AS – Konsesjonssøknad frå Sognekraft med tilleggsutgreiingar, Årdal kommune. FNF, SFT, NVF.*

30.06.2015 NVE høyringsfråsegn Åseelvi og Rydøla i vasskraftpakke i Luster kommune. FNF, SFT, LuT.

03.09.2015 NVE høyringsfråsegn til søknad om bygging av Nundalselvi kraftverk i Årdal kommune i SF. FNF, SFT, NVF.

02.10.2015 NVE høyringsfråsegn til Vigdøla kraftverk, søknad om planendring. FNF, SFT, NVF

Kraftlinjer:

22.05.2015 Statnett Høyrinnspel til Statnett Nettutviklingsplanen 2015. FNF

19.05.2015 NVE høyringsfråsegn til avgrensa høyring tilleggsutgreiing Offerdal Kraftverk AS – Konsesjonssøknad frå Sognekraft med tilleggsutgreiingar, Årdal kommune. FNF, SFT, NVF.

Verneområde:

04.10.2015 Breheimen nasjonalparkstyre Høyringsuttale – forvaltningsplan for Breheimen nasjonalpark FNF, SFT, NVF + Oppland FNF m/org.

15.11.2015 Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen Oppstart forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde. FNF SF + Oppland.

FNF har levert 18 fråsegner for organisasjonane og frå FNF i 2015 (22) 2014, kun 2 av desse var for berre ein org.

FNF har ytt organisasjonane tilskot, frå midlar som er tildelt frå fylkeskommunen og frå eigenkapital, slik at representantar frå organisasjonane har hatt mogelegheit til å delta på faglege samlingar/seminar, folkemøter og synfaringar.

MØTER, FOLKEMØTER og SYNFARINGAR

Dato	Stad og aktivitet	Deltakarar
08.01	Møte med organisasjonane og 4H om FÅ15 og Naturmøteplassar	Elisabeth, m.fl
20.01	Møte på Eid Friluftsråd Nordfjord, vedtekter m.m	Elisabeth, Olav Kjell Moen SFT
22.01	Møte i Nordfjord vassområde	Elisabeth , Thorleif jakobsen NVF
30.01	Møte med IST og naturvernutvalet ang 12 småkraftsøknader	Elisabeth , Ron, Alvar, m.fl
05.02	Strategimøte i Førde ang Fjorddeponi Vevring, i Førde	Elisabeth, Lin NVF, m.fl
11.02	AU-møte FNF på Skei i Jølster	Elisabeth, AU
03.03	Hydromøte om Grandfaste i Fortun, Luster ny konsesjon	Elisabeth, Alvar SFT, Marit NVF, Olav LJFF
09.03	Workshop Statnett i bergen	Elisabeth, Ron SFT,m.fl
10.03	DNT-Vest møte i Bergen	Elisabeth FNF, m.fl
12.03	FNF Årsmøte i Førde	Elisabeth, AU, m.fl
13.03	SFFK vassregion møte ISVO drift vidare m.m	Elisabeth,
11.04	Årsmøte NVF i SF på Påfyll Jølster i Jølster	Elisabeth FNF, m.fl NVF

12.05	NVE Folkemøte Småkraftverk-pakke i Luster, på Skjolden	Elisabeth, Jon Farestveit NVF
10.06	NVE Folkemøte Dalsbotnfjellet vindkraftverk i Sløvag, Gulen	Ron Overdevest, Alvar Melvær SFT
15.06	FÅ 15 møte med Friluftsg. i Hafstadgarden i Førde	Elisabeth, 4H, NVF, SFT, NJFF, Orienterer mfl
15.06	Møte med NVF om søknad Marin forsøpling prosjekt i SF	Elisabeth FNF, Lin NVF
15.06	Vegen vidare møte om Førdefjorden i Vevring	Elisabeth, Erik S, Lin NVF mfl
18.06	FNF AU møte på Skei	Elisabeth, AU
18.08	Telefonnmøte FÅ 15 og Nattinaturen	Elisabeth, SFT, NJFF, 4H, NVF, m.fl
20.08	Møte Naturviterne FNF på Gardermoen	Elisabeth FNF
14.09	NVE Synfaring Rydøla småkraftverk i Luster	Elisabeth FNF/SFT, Erik Solheim NVF,
15.09	NVE Synfaring Åselvi og Mordøla småkr.verk i Luster	Elisabeth FNF/NVF/SFT
16.09	NVE Synfaring Kveken og Kinsedal småkr.verk i Luster	Elisabeth FNF/NVF/SFT
17.09	Møte ang Breheimen nasjonalpark forvaltningsplan i Gaupne	Elisabeth FNF
21.09	Møte Lundeskaret Jølster ang Via Ferrata Lundeskaret	Elisabeth FNF/SFT, Erik Solheim NVF, NKF mfl
28.09	Samarbeidsmøte i Førde ang FÅ 15 m/ friluftsg. organisasjonane	Elisabeth, 4H, NVF, SFT, Orientering, NSF
13.10	NVE Synfaring Nundalselvi småkr.verk i Øvre Årdal	Elisabeth FNF/NVF, Jørgen Bruheim SFT
13.10	FNF AU-møte på Skei	Elisabeth, AU
14.10	Møte i vassregionutvalet SF på Skei	Elisabeth, Thorleif NVF, Alvar SFT, NJFF
21.10	Møte regional vassforvaltning SF Fylkeshuset Leikanger	Elisabeth FNF/SFT, Thorleif NVF, Olav H NJFF, Bjørn Vike Sogn Villaksråd m.fl
22.10	SFFK Forum for fysisk aktivitet FIF-møte på Skei	Elisabeth FNF, SFFK, Idrett, FFO, forskning
27.10	FK Møte Rullering FIF-tiltaksprogram	Elisabeth FNF
16.11	DNT-Vest møte i Bergen	Elisabeth FNF, Marino SFT
27-28.11	FNF fellesmøte i Førde	Elisabeth FNF, SFT, NVF, F.kysten, Røde Kors, SKK, NJFF
7.12	Brevaksjon til fylkespolitikarane vassforvaltning Miljømål SFFK	Elisabeth, Sabima
10.12	SFFK Møte i Forum for fysisk aktivitet, HiSF i Sogndal	Elisabeth FNF
15.12	Telefonmøte Arbeidsavtale virksomhetsoverdragelse, AMH i FNF+ Iliana Pedersen Naturviterne	Elisabeth FNF
17.12	SFFK FNF/AU-leiar årleg drøftingsmøte	Elisabeth FNF, Marino Ask AU, SFFK 3

ANNA, REPRESENTASJON og KURS

Seminar/representasjon/synfaringar

Dato	Stad og aktivitet	Deltakarar
24.01	Medie- og kommunikasjonskurs i Førde FNF	Elisabeth, m.fl
27-28.1	Forskning i friluft – konferanse Lillehammer	Elisabeth, Sigmund Flaten NVF
30-31.01	Sogn og Fjordane Turlag årsmøte på Skei	Elisabeth, m.fl
03.02	Småkraftseminar på Skei, FNF innlegg om ivaretaking av natur og friluftsg. interessene i småkraftutbygginger	Elisabeth, Alvar Melvær SFT
05.02	Fakkeltog mot Fjorddeponi i Vevring i Førde	Elisabeth, NVF, SFT, m.fl
17-18.03	STI-konferansen på Fornebu i Bærum, Akershus	Elisabeth FNF
18-19.03	FNF-samling på Fornebu i Bærum, Akershus	Elisabeth,
17.04	SRN seminar vind, vann, nett Kan fornybar energi bli naturvennlig i Oslo	Elisabeth, Ron, Alvar SFT,
1-2.05	1.mai Førdefjorden, fjorddeponi aksjon + padling i Farstiltparade frå Førde til Vevring/Engebø	Elisabeth FNF, + 2
05.05	Fysisk aktivitet konferanse i Sogndal	Elisabeth, Espen Bruun SFT, NJFF, Speider, Thor Erlend RK

7-8.05	Plansamling FK – FM i Førde	Elisabeth, Lin NVF, Alvar Melvær SFT
13.5	Privat Synfaring i Gjengedalsvassdraget, planl vassdragstreff	Elisabeth FNF, Erik Solheim NVF
27.05	Biomangfoldstur NVF i SF, Luster turlag, SNO	Elisabeth, Erik NVF, Olav Hermansen LJF
18.06	Fysisk aktivitet kulturbygg konferanse i Førde	Elisabeth FNF ,
02.07	Synfaring og planlegging Vassdragstreff 2015 i Gjengedalen	Elisabeth FNF, Erik S NVF
10.08	OED Møte + Synfaring Guleslettene vindkraftverk, i Bremanger	Elisabeth FNF/NVF, Alvar SFT
18.08	OED Hydro Befaring Illvatn pumpe + Øyane v.kraftverk i Fortun	Elisabeth, Alvar SFT, Olav H LJFF, Marit NVF
20-23.08	Vassdragstreff 2015 i Gjengedalen Storevatnet i Gloppen	Elisabeth, Erik m.fl NVF Ron Marino SFT, m.fl
31.08 – 02.09	FNF samling på Granavollen, vannfagleg sem. + koordinatorenes	Elisabeth, Alvar SFT
15-16.10	NVE Energidagene i Oslo	Elisabeth FNF, Sveinung DNT-Vest/LNL
24.10	SFFK Inkluderingskonferansen FK Førde	Elisabeth FNF, Marino SFT (videoinnlegg)
2-3.11	Miljødir fagsamling FK, FM, FNF i Trondheim	Elisabeth
13-14.11	TUR-konferansen Ullevål stadion i Oslo	Elisabeth FNF, Erik S NVF
17.11	Styrekurs for Frivillig	Elisabeth FNF

Styrings- og referansegrupper

Emne	Stad og aktivitet	Deltakarar
Nasjonalpark	Jotunheimen nasjonalpark rådgivande utval	Jørgen Bruheim/Olav Kjell Moen SFT, Vidar Moen NJFF (FNF)
Nasjonalpark	Rådgivande utval for Jostedalsbreen	Alvar Melvær, SFT og Jon Farestveit, NVF
Reg.plan Fysisk aktivitet / Folkehelse	Referansegruppe Forum for fysisk aktivitet, arbeidsverkstader,	Elisabeth Dahle FNF
Gruveutvalet NVF	Gruveutvalet i Naturvernforbundet	Anne Line Thingnes Førsund, NVF
Villrein		
Landskapsvern	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, Referanse/arbeidsgruppa	Erik Solheim NVF
Landskapsvern	Fylkesmannen, Ålfotbreen landskapsvernområde, forvaltningsplan	Alvar Melvær SFT
Landskapsvern	Breheimen nasjonalpark rådgivande utval	Tom Ording Dahl, NVF Oppland
Landskapsvern	Jotunheimen og Utladalen nasjonalpark, rådgivande utval	Vidar Moen ÅJF, Olav Kjell Moen SFT
Regional plan fysisk aktivitet, idr., friluftsliv	Administrativ Arbeidsgruppe/Forum FIF, SFFK Førde/Skei/Sogndal	Elisabeth Dahle, FNF
Vassregion Sogn og Fjordane	Referansegruppe, regional	Elisabeth Dahle FNF, Thorleif Jakobsen, NVF og Alvar Melvær, SFT, Reidun Seim Solberg, NJFF,
Vassområde Ytre Sogn	Referansegruppa	Leiv Henriksbø, NVF, Ron Overdevest SFT, Rolf Tveit, Høyanger JFL
Vassområde Sunnfjord	Referansegruppa	Lin Hjelmeland Finjord, NVF, Alvar Melvær, SFT, Halvard Hovland FloraJFF
Vassområde Indre Sogn	Referansegruppa	Jon Farestveit, NVF, Vidar Moen ÅJF, Olav Hermansen LuJFL, Elisabeth Dahle FNF, Jørgen Bruheim, SFT, Bjørn Vike, Sogn Villaksråd, Morten Jacobsen, Vik/NJFF
Vassområde Nordfjord	Referansegruppa	Thorleif Jakobsen, NVF, Halvard Hovland FloraJFF,

INFORMASJON

FNF i media 2015

FNF Sogn og Fjordane har 30 (15) treffpunkt på Opoint si medieoversikt 2015 (2014) i media:

- 23.01.2015 Skal Fossedalen bli utan fossar?. Firda/Origo Firda
- 16.02.2015 Stortinget må stogge ny snøscuterlov. Sogn Avis
- 19.02.2015 Slost heile vegen til departementet. Sogn Avis
- 28.04.2015 Deponimotstandarene mobiliserer 1.mai. Firda
- 22.05.2015 Hvorfor verne skog?. Firda Tidend
- 23.05.2015 Felles høyringsfråsegn om Offerdal kraftverk, Årdal. NVF SF
- 02.06.2015 Flora si «marka». Firdaposten
- 02.06.2015 Kan stå klar i 2019. Firdaposten
- 06.06.2015 Guleslettene synfaring utsett. Firdaposten
- 17.06.2015 Åtvarer mot inngrep i verdifullt fossefall. Sogn Avis
- 25.06.2015 Trur på NVE-nei etter småkraft-ja. Sogn Avis
- 08.08.2015 Siste store sjanse mot vindkraftpark. Firdaposten
- 21.08.2015 Inviterer til Gjengedalstreff. Firda Tidend
- 24.08.2015 Samlar seg om fossen. Firda
- 14.09.2015 Seier nei til Nundals-kraft. Sogn Avis
- 30.09.2015 Via Ferrata-dialog i Jølster. Sogn Avis
- 02.10.2015 Kjøsnesfjorden kan få Via Ferrata. Firda
- 03.10.2015 Ueigna for Via Ferrata. Firda
- 03.10.2015 Via Ferrata i Jølster. NrK SF
- 05.10.2015 Fylkesutvalet seier ja til utbygging i Nundalselvi. Sogn Avis
- 03.10.2015 Fylkesutvalet positive til utbygging i Nundalen. Porten, Årdal.
- 12.10.2015 Småkraftverk ein trussel mot friluftsliv og natur på Vestlandet. Sogn Avis
- 03.11.2015 Kraftutbygging med tap. FNF, NVF, SFT, NOF, Sogn villaksråd, Luster JFF. Sogn Avis/Ytre Sogn Avis/ Fjordabladet/Fjordingen
- 10.11.2015 Ordskiye Fjordabladet
- 26.11.2015 Fleirbrukshallen må vente. SFFK, FNF, SFIK NrK SF
- 03.12.2015 Deppar over nei til vindmøller. NRK SF, FNF
- 21.12.2015 Millionar til ny forskning. VF,
- 21.12.2015 Forskningsmidlar til Sogndal kommune
- 22.12.2015 Nytt RFF-prosjekt om fleirbruk av utmark
- 22.12.2015 26,3 millionar til nye forskingsprosjekt

ARRANGEMENT

FNF har i året arrangert Medie- og kommunikasjonskurs i Førde med Rikke Bjurstrøm som kurshaldar.

FNF har i året arrangert årsmøte i Førde, årsmøtesaker, tema samarbeidet mellom FK og organisasjonane, ungdomssatsinga til SFT.

FNF har i året arrangert fellesmøte i Førde, tema samarbeid og ungdomsaktivitet/-rekruttering, naturvernarbeid, biologisk mangfald, vasskraftrevisjoner, års-/strategi-/medieplan og budsjett 2016 m.m

ANNA SAMARBEID

Vi har i løpet av året hatt samarbeid med organisasjonar som ikkje er tilslutta FNF:

Solund Kulturlandskapsark
SalmonCamera/Stein Malkenes
Sogn Villaksråd
Aksjonsgruppa Vigdøla
Sunnfjord Kajakklubb SKK
4H
Røde Kors S&Fj
Orienteringskrinsen
KFUK/KFUM

3. Organisatorisk

TILSLUTNINGSERKLÆRINGAR

Desse organisasjonane har signert erklæring:

- Sogn og Fjordane Turlag
- Forbundet Kysten, 6 lokale kystlag ved Kystlaget Hornelen
- Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
- NJFF Sogn og Fjordane
- Fortidsminneforeininga i Sogn og Fjordane
- Norges Speiderforbund Sogn og Fjordane
- Klatreklubbane i fylket, 6 klubbar/miljø ved Sogndal klatreklubb
- Norsk Ornitologisk Forening NOF avd Sogn og Fjordane
- Gloppen Padleklubb, ny i 2015

ARBEIDSUTVAL

På årsmøtet 12.03.2015 vart dette arbeidsutvalet (med varamedlemar) oppnemnd av organisasjonane:

Norges Jeger- og Fiskerforbund – Bjarne Borgfinn Huseklepp
vara - Per Norstein

Sogn og Fjordane Turlag - Marino Ask
vara – Ron Overdevest

Naturvernforbundet - Sigmund Flaten
vara - Marit Vøien Nes

Kystlaget Hornelen for Kystlaga - Lars Olav Rylandsholm
Sogndal klatreklubb for klatreklubbane/miljøa – manglar no representant

Fortidsminneforeningen og NoF avd S&FJ har ein open plass i AU, men har ikkje kapasitet til/ønske om å delta/stille medlem i AU.

Marino Jan Ask har halde fram som leiar i AU, etter Lars Olav Rylandsholm.

Arbeidsutvalet har hatt 3 fysiske møter, samt jobba med bruk av epost og telefon.

ADMINISTRASJON

Elisabeth Dahle har vore tilsett som FNF-koordinator i 100% stilling.

Einar Skram Husabø har vore innleigd som seniorrådgjevar på timebasis frå oktober 2012, no ca 7,5 % stilling med oppfølginga av Gjensidige løypemerkingsprosjektet med sluttrapportar og utbetalingar, samt rekneskap i FNF.

Noregs Jeger- og Fiskeforbund Sogn og Fjordane har arbeidsgivaransvaret.

ÅRSMØTE

Årsmøtet vart halde 12.03.15 på Sunnfjord Hotel og 13 deltakarar møtte.

Sogn og Fjordane Turlag 4 deltakar.

NJFF Sogn og Fjordane 2 deltakar.

Naturvernforbundet 4 deltakar.

Kystlaga 1 deltakar.

SFFK 1 deltakar.

FNF 1 koordinator.

Tema:

Innlegg frå SFFK, oppstartsmøte regional plan for kysten, verdien av frivillig arbeid,

økonomi/grunnstøtte/utviklingavtalar. Organisasjona takka for støtte og samarbeidet med SFFK.

Årsmøtet godkjende innkalling, sakliste, årsmelding og rekneskap, peika ut representantar til AU.

FNF sentralt, virksomhetsoverdragelse, sentrale tilsettingar, FNF-samling, FÅ 15 felles

samarbeidsarrangement mai ved SFT Ung-prosjekt. Status utviklingsavtalen FNF.

Referat er sendt ut og ligg også på nettsida.

FELLESMØTE

Førde 27.-28.11.2015 med totalt 14 deltakarar og 3 gjester.

Naturvernforbundet 5 deltakar. 3 innleiarar/foto

Sogn og Fjordane Turlag 4 deltakarar. 2 innleiar naturvernarbeid.

Forbundet Kysten 1 deltakarar

Sunnfjord Kajakklubb 1 deltakar/innleiar

Røde Kors SF/Førde 2 deltakarar/innleiarar

NJFF Sogn og Fjordane 1 innleiar

SFFK 1 innleiar

Fylkesmannen 1 innleiar

FNF 1 deltakar/innleiar

Tema:

- Regional plan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Rullering, tiltak og handlingsplan. Visjon og mål, utfordringar. Kva kan organisasjonane i FNF bidra med. FK Atle Skrede

Ungdomssatsinga i organisasjonane. Korleis jobbar vi? Rekruttering, suksesshistorier, samarbeid, inkludering. Kva kan vi læra av kvarandre:

- SFT Espen Bruun
- NJFF Geir Haukås
- Røde Kors SFj BARK/RØFF Thor Erlend Mehammer, Røde Kors Førde Svein Magne Løvø
- NVF Sigmund Flaten
- Sunnfjord kajakklubb Øyvind Johan Korsøen

Middag og sosialt samvære

SFT Naturvernutvalet sitt arbeid med naturvernsaker, Ron Overdevest SFT

DNT Vest samarbeid om energi- og naturvernsaker, Marino Ask SFT

Revisjonskrav, eldre vasskraftkonsesjonar til revisjon, FNF Elisabeth

Natur og utvikling av fornybar energi, korleis forvaltar vi naturressursane, NVF Erik Solheim

Flaggermus, arter og leveområde i fylket. Kunnskap, avtaler og lovverk, FM Johannes Aanonby

Årsplan, Strategiplan, Budsjett 2016

Politisk arbeid, Mediestrategi- og arbeid 2016

Naturglede, lysbiletEFRAMSYNING med musikk, vakker avslutning, NVF Thorleif Jakobsen

Lunsi

Referat er sendt til organisasjonane.

Referatet saman med innlegg vert lagt ut på nettsida.

4. Økonomi

Norsk Friluftsliv og Sogn og Fjordane fylkeskommune gir tilskot til drifta av FNF. Økonomien i organisasjonen er ordna, men noe svekka grunna lægre tilskot frå SFFK.

TILSKOT – 2015

	Tilskot	Type
Sogn og Fjordane Fylkeskommune	70 000	Kurs, koordinering tiltak
NF Norsk Friluftsliv – driftsstøtte	567 679	Drift, FV 15, mva-refusjon
Sum tilskot	637 679	

Leikanger, januar 2016

FNF Sogn og Fjordane

Elisabeth Dahle

koordinator